

Eit aldersvennlig Tysnes



Innhald

0. Innleiing.....	3
0.1 Utarbeiding av planen:.....	3
1. Om planen.....	3
1.1 Formål med planen:.....	3
1.2 Oppbygging.....	3
1.3 Rullering av planen.....	4
2. Fagdel.....	4
2.1 Sentrale og lokale føringar.....	4
2.2 Demografisk utvikling og framskriving av helsetenester.....	4
3. Strategiar, mål og innsatsområder.....	6
3.1 Hovudmål:.....	6
3.1.1 Tysnes skal være eit aldersvennlig samfunn.....	6
3.2 Innsatsområde: Eit aldersvennlig Tysnes.....	7
3.2.1 Saman om eit aldersvennlig Tysnes.....	7
3.2.2 Tysnes sin strategi for å bli aldersvennlig.....	8
3.3 Innsatsområde: Aktivitet og fellesskap.....	9
3.3.1 Aktivitet og fellesskap på Tysnes.....	10
3.3.2. Strategi for aktivitet og fellesskap på Tysnes:.....	11
3.4 Innsatsområde: Mat og måltid.....	11
3.4.1 Mat og måltid på Tysnes – meir enn ernæring.....	12
3.4.2 Strategi for mat og måltid.....	12
3.5 Innsatsområde: Helsehjelp.....	13
3.5.1 Helsehjelp på Tysnes.....	13
3.5.2 Strategi for helsehjelp på Tysnes.....	13
3.6 Innsatsområde: Samanheng i tenestene.....	14
3.6.1 Samanheng i tenestene på Tysnes.....	14
3.6.2 Strategi for samanheng i tenestene på Tysnes.....	15
4. Oppsummering.....	16

0. Innleiing

Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i!

Dette er overordna mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel. For å nå dette målet skal Tysnes kommune:

- sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår
- sikra gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg
- sikra innbyggjarane tilgang til meningsfull fritid
- sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur

Vi blir stadig fleire eldre. Talet personar i Norge som er 70 år eller eldre ventast å doblast, frå 624 000 i 2018 til 1,35 millionar i 2060. Mange eldre er ressurssterke og ønskjer å delta. Det krev at samfunnet legg til rette for det. I 2018 ble Stortingsmelding 15 (2017-2018) Leve Hele Livet godkjent i Stortinget. Dette er ei kvalitetsreform for eldre som handlar om menneske. Tidlegare reformer har ofte handla om systema. Leve hele livet består av fem hovudområde kor det ofte sviktar i tilbodet til eldre i dag. I planen vil vi sjå på desse hovudområda og bygge ei strategi som gjer at Tysnes er eit aldersvennleg samfunn.

Måla med reforma vert inkludert i kommunens hovudmålsetjingar, og dannar grunnlaget for Tysnes kommune sin strategi for at Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i, - heile livet. Dette sikrar ei tydeleg politisk og administrativ forankring og god samordning mellom ulike sektorar i kommunen og mellom kommunalt planverk og private bidragsytarar.

0.1 Utarbeiding av planen:

Planen har vakse fram etter samarbeid, møter og kartlegging i kommunen. Frivilligsentralen har delteke aktivt, og Eldrerådet har vore involvert ved deltaking i konferansar og dialogmøte. Planen har vore tema på personalmøter og ved internundervisning. Etter handsaming i kommunestyret 22.02.22 kom det tilbakemelding på at planen i større grad må involvere heile Tysnes-samfunnet, og ikkje ha hovudfokus på dei kommunale tenestene. Planen som ligg føre no vil i større grad vera ein heilskapleg strategi for målet om at Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i – heile livet

1. Om planen

1.1 Formål med planen:

Plan for Leve hele livet i Tysnes kommune skal gi retning for arbeidet med å utvikle eit aldersvenleg samfunn, som fremjar livskvalitet og meistring for dei over 65 år i Tysnes kommune.

Planen har nær samanheng med fleire andre planar som eksisterer eller skal utarbeidast.

1.2 Oppbygging

Planen består av ein fagdel med lokale og sentrale føringar. Her vil også den lokale demografiske utviklinga synleggjerast. Vidare vil planen ta opp innsatsområda som regjeringa har identifisert som viktige satsingsområder for å lukkast for å skape eit aldersvenleg samfunn.

Planen skal skildre hovudmål innan dei ulike innsatsområda som skal stette at Tysnes er eit berekraftig aldersvennlig samfunn. Det skal utarbeidast ein handlingplan som spesifiserer måla, med tilhøyrande tiltak.

1.3 Rullering av planen

Planperioden for Tysnes kommune sin plan vil vere 2021 – 2031, og planen skal reviderast etter fem år. Planen skal vera førande for prioriteringar i budsjett og økonomiarbeid, for administrativ utøving av tenestene, samt politiske prioriteringar knytt til utvikling for og med eldre i Tysnes kommune.

2. Fagdel

2.1 Sentrale og lokale føringar

Lokale føringar er kommunens hovudmålsetning, saman med det kommunale planverket:

Kommuneplan

Bustadpolitisk handlingsplan (rullerast i 2023)

Budsjett og økonomiplan

Plan for habilitering og rehabilitering «Saman om meistring»

Plan for vald i nære relasjonar (under utarbeiding)

Folkehelseoversikt 2018 – 2023

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Det er stortingsmelding 15 (2017-2018) Leve Hele Livet, med tilhøyrande sentrale satsingsområder og lokalt planverk og føringar som ligg til grunn for Tysnes kommune sin eigen plan for Leve hele livet.

2.2 Demografisk utvikling og framskriving av helsetenester

Demografisk utvikling nasjonalt og lokalt er viktig for å forstå grunnleggjande utfordringar innan eldreomsorg innanfor eit relativt kort tidsrom. Kommunen har dei siste tiåra hatt nokolunde stabilt folketal men med ei skeiv aldersfordeling, med større del eldre enn gjennomsnittet. Dette skuldast blant anna fråflytting i samband med utdanning og arbeid.

I rapport frå PWC, utarbeida i mars 2021, kjem det fram at andelen eldre i befolkninga i Tysnes aukar meir enn i samanliknbare kommunar. Det er forventa at total befolkning i kommunen aukar med 1%, medan talet innbyggjarar over 80 år aukar med 92%. Medan ein i 2021 har sju innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbyggjar som er 80 år og eldre, vil ein i 2040 ha fire innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbyggjar som er 80 år og eldre.

Befolkning

Befolkningsutvikling 2021 - 2040


Total befolkning i kommunen **øker med 1 %**

Antallet innbyggere over 80 år **øker med 92 %**

Antallet innbyggere i yrkesaktiv alder **synker med 5 %**

	Tysnes		KOSTRA 5		Norge	
	2021	2040	2021	2040	2021	2040
Yrkesaktiv	54 %	50 %	57 %	51 %	58 %	53 %
> 67	25 %	31 %	22 %	30 %	16 %	22 %
> 80	7 %	14 %	6 %	13 %	4 %	8 %

Mens man i 2021 har 7 innbyggere i yrkesaktiv alder per innbygger som er 80 år og eldre, vil man i 2040 ha 4 innbyggere i yrkesaktiv alder per innbygger som er 80 år og eldre.



I følge PWC sin rapport er utgiftene til helse og omsorg per innbygger er noko lågare enn hos samanliknbare kommunar. Samanlikna med KOSTRA-gruppa, tildeles færre timar til helsetenester i heimen, men til en høgare kostnad. Tysnes har ein noko lågare dekningsgrad for heildøgns omsorg enn samanliknbare kommunar, landet og fylket. Tysnes har også ein høgare del av innbyggjarar over 80 år som bur heime. I åra fram mot 2040 vil dette gi ein utfordring med tanke på auka kostnader og behov for, og tilgang på, personell i pleie- og omsorg.

Økonomi


Tysnes bruker **noe mindre penger** per innbygger enn snittet for KOSTRA-gruppen på helse- og omsorgstjenester.

Driftsutgiftene for institusjonsplasser er **høyere** enn for øvrige kommuner i KOSTRA-gruppen.

Institusjonstjenester utgjør en **høyere andel** av de totale PLO-utgiftene enn hos sammenliknbare kommuner.


PwC

Utgifter til helse og omsorg per innbygger




Tysnes har **noe lavere utgifter** til HO per innbygger sammenlignet med KOSTRA-gruppe 5

Driftsutgifter per kommunale institusjonsplass




Andel netto driftsutgifter i PLO til institusjoner



Tysnes har **høyere driftsutgifter** pr institusjonsplass sammenlignet med KOSTRA-gruppe 5

Driftsutgifter til hjemmeboende og institusjon



Den demografiske utviklinga vil påverke og få konsekvensar for omsorgstenestene og vil krevje nye løysingar og skape endringar på ei rekke område. Samstundes ser vi at den store nye generasjonen eldre vil ha høgare utdanning, betre helse, betre bustader og betre økonomi. Det kan bli avgjerande at dei eldre tek i bruk sine ressursar for å møte alderdommens

utfordringar og moglegheiter. Den demografiske utviklinga syner at vi må satse på å få til eit aldersvenleg samfunn.

3. Strategiar, mål og innsatsområder

3.1 Hovudmål:

Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i!

Tysnes kommune skal sikra eit aldersvenleg samfunn ved å:

- Leggja til rette for gode bumiljø
- Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg.
- Sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid
- Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur

3.1.1 Tysnes skal være eit aldersvennlig samfunn

Tysnes kommune skal vera eit aldersvenleg samfunn, utvikling mot eit aldersvenleg samfunn skjer gjennom vektlegging av:

- Samfunn
- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Helsehjelp
- Samanheng i tenester

Tysnes kommune skal legge til rette for å vidareutvikle offentlege, private og lag og organisasjonar sine tenestetilbod som fremjar livskvalitet og meistring i kvardagen for alle innbyggjarane våre.

Tenestene skal ha god kvalitet og vere berekraftig. Tysnes kommune skal vere eit aldersvenleg samfunn ved at eldre skal kunne medverke og oppleve tilhøyr.

Eit aldersvenleg samfunn står i senter for utviklinga og skal sikra at samfunnsressursar vert mobilisert for å sikra verdige og gode rammer for alderdom i Tysnes.



3.2 Innsatsområde: Eit aldersvennlig Tysnes

Ein aldersvennleg kommune er inkluderande og tilgjengelig, og fremjar deltaking og aktiv aldring. For å få ein aldersvennleg kommune må politikarar, eldreråd, næringsliv, ulike frivillige organisasjonar, institusjonar og alle verksemdene i kommunen involverast. Helse og omsorgstenesta kan ikkje klare dette åleine. Berekraftig utvikling av eit aldersvennleg Tysnes handlar vidare om å ta i bruk den ressursen dei eldre representerer gjennom ulike organisasjonsformer i offentleg og privat regi.


Viktige innsatsområder for eit aldersvennleg lokalsamfunn er bustad, uteområde, transport, samfunnsdeltaking, kommunikasjon og medverknad. Eit aldersvennleg samfunn handlar om å ta på seg dei aldersvennlege brillene i alle prosessar innan alle desse områda, og å knytte saman dei ulike satsingsområda, slik at det ikkje er hindringar som gjer at moglegheiter ikkje kan nyttast.

3.2.1 Saman om eit aldersvennlig Tysnes

Å jobbe mot å bli eit aldersvennleg samfunn vil gi ein rekkje gevinstar:

- Dei eldre sine ressursar vert nytta og inkludert i lokalsamfunnet
- Lokalt næringsliv vert kopla med dei eldre sine ønskjer og behov
- Offentleg tenestebehov vil utsetjast og trong for institusjonsplassar reduserast

Å satse på eit aldersvennlig Tysnes fremjer god psykisk og fysisk helse for eldre, og kjem alle innbyggjarane til gode. Modellen under skisserer ulike nivå for ein trygg og mangfaldig eldreomsorg:



Dei ytste nivåa i modellen er grunnleggjande for alt helsefremjande arbeid. Dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal leggje til rette for eigenomsorg. Ein sterk satsing på dei ytste nivåa kan bidra til betre helse og auka meistring, slik at innbyggjarane kan hende vil få mindre behov for tenester frå dei innerste nivåa. Dei ulike ringane i modellen har ikkje klare grensar, og innbyggjarane kan ta imot tenester frå ulike nivå samstundes. Uavhengig av kvar i modellen ein er, skal overgangane mellom ulike tenester være føreseieleg og trygg. Fokus på meistring, rehabilitering, og spørsmålet «kva er viktig for deg?» skal være gjennomgåande i alle tenestene.

Tysnes ønskjer å bli ein berekraftig aldersvennleg kommune. I dette arbeidet er det viktig med utarbeiding av føringar på korleis både kommunen og næringslivet skal tenke tilrettelegging når det gjelder f.eks. bustadbygging, planlegging av utandørs område, transport, sosial deltaking, respekt og sosial inkludering, deltaking i samfunns- og arbeidsliv, kommunikasjon og informasjon, helse- og omsorgstenester. Vidare er det særskilt viktig, og eit grunnleggjande menneskeleg behov å føle seg nyttig. Fleire vil leve lenger med betre helse og funksjonsevne, og aktivitet og meistring er helsefremjande. Når omgjevnadene er tilrettelagt, kan eldre menneske med funksjonstap vere sjølvhjelp og aktive lengre.

3.2.2 Tysnes sin strategi for å bli aldersvennlig

Tysnes kommune vil i samarbeid med andre samfunnsaktørar arbeida for eit aldersvennlig samfunn.

Bustad og nærmiljø

Tysnes kommune skal sikre at eldre får høve til å bu så lenge som mogleg i eigen bustad, eller i tilpassa omsorgsbustader som gjev god inkludering, fellesskap, samfunnsdeltaking og tilgang på attraktive nærmiljø.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

1. Tysnes kommune skal i planlegging av nye utbyggingsområder vurdere særskilte krav for å sikra attraktive seniorbustader.
2. Tysnes kommune skal i samarbeid og gjennom informasjon og rettleiing til private aktørar medverka til at det vert etablert bustadkonsept som ivareteke eldre si trong for tryggleik, fellesskap og sosial aktivitet.
3. Tysnes kommune skal i si tenesteutvikling arbeida for å sikra tilgong til tilpassa bustader for eldre som understøttar ulike behov i ulike livsfaser.
4. Tysnes kommune skal tilby tenester i heimen for å sikra at den einskilde i størst mogleg grad får høve til å oppretthalde evna til eigen omsorg.
5. Tysnes kommune skal sikre tilgang til universelt utforma turstigar og nærmiljøanlegg som kan nyttast av alle generasjonar.

Inkludering i arbeid og fritid

Tysnes kommune skal medverka til at eldre kan bidra lengst mogleg i samfunnslivet både i arbeid og fritidssamanheng.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

1. Tysnes kommune skal medverka til aldersvenleg utforming på både fysiske, sosiale og digitale arenaer.
2. Tysnes kommune skal medverka til at eldre kan komme seg til og frå aktiviteter, og til at dei kan bidra til å hjelpe andre eldre til det same.
3. Tysnes kommune skal arbeide for å sikre god livsfasepolitikk og haldningar i arbeidslivet som stetter eit lengre yrkesliv.
4. Tysnes kommune skal gjennom bruk av tilskot og støtteordninga til frivilljuge lag og organisasjonar ha eit særskilt fokus på tiltak for eldre.

3.3 Innsatsområde: Aktivitet og fellesskap

Leve hele livet er ein reform for aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap. Målet er å ta vare på eldre sitt forhold til familie, vener og sosialt nettverk, og skape gode opplevingar og møter på tvers av generasjonar. Aktivitetane skal være meningsfulle, og må difor vere persontilpassa i den offentlege tenesteytinga, og vere breie nok til å treffa den einskilde i samfunnet. Aldring ser ut til å tyde fleire gode år, der eldre vekslar mellom å gi og få hjelp og omsorg, og færre år med trong for einsidig hjelp. Dei fleste vil både få og gi hjelp på tvers av generasjonar i løpet av livet. Fysisk aktivitet og fellesskap hindrar ein rekkje helseplager, og reduserer dødelegheit.

Det er identifisert ulike tiltak som skal skape auka aktivitet, gode opplevingar og fellesskap:

- Gode augeblikk
- Tru og liv
- Generasjonsmøter
- Samfunnskontakt
- Sambruk og samlokalisering

Aktivitet og fellesskap handlar ikkje berre om å opprette aktivitetar for eldre, men å spele på dei ressursane eldre har, legge til rette for at dei eldre sjølv kan skape aktivitet og fellesskap og bidra med sine ressursar.

3.3.1 Aktivitet og fellesskap på Tysnes

Det er allereie mange tiltak som stetter innsatsområdet aktivitet og fellesskap i Tysnes kommune. Det er viktig å sikre at informasjonen om disse aktivitetane kjem ut til alle, og at dei som ønskjer det har høve til å komme seg til og frå, uavhengig av bustad og helsesituasjon. Transport til og frå aktivitet vil inngå i strategien om å bli eit aldersvennleg samfunn. Ein kan sjå at fleire av innsatsområda grip inn i kvarandre. Av eksisterande aktivitetstiltak på Tysnes kan ein nemne:

Turar, treningsentre, tur dagar, tilrettelagte turstiar, dagsturhytte, strand med rampe, dagsturhytte, gang/sykelsti mellom bygder, og konkrete organiserte aktiviteter i regi av private, frivillige, lag og organisasjonar. Tysnes har oppretta ein [aktivitetskalender](#) der alle som driv med ein aktivitet kan legge inn informasjon om sin aktivitet. Dette er med på å formidle alle tilboda som finnes.

Eit av tiltaka regjeringa peiker på når det gjeld utfordringar framover i forhold til fleire eldre og auka einsemd, er frivilligheit. Frivilligheit er med på å auke livskvaliteten til både den som yt og til den som tek i mot hjelp.

Tysnes frivilligsentral er ein viktig aktør for å styrka livskvalitet og skapa meningsfulle aktivitetar og møteplassar for innbyggjarane i Tysnes. Helse- og omsorgstenesta samarbeider på fleire område med frivillige ressursar.

Tysnes kommune opna nytt omsorgssenter 01.12.2017. Det vart bygd 10 nye omsorgsbustader i det nye omsorgssenteret og eit dagsenter for demente. Målet var å stimulere til aktivitet hjå heimebuande demente, omsorgsbustadene vart bygd for å kunne gje eit tilbod om at eldre som har relativt høgt omsorgsbehov ennå kunne vera heimebuande. Omsorgssenteret har i si utforming lagt vekt på aktivitet til dømes ved etablering av konsertlokale i storstova, salong for hår og fotpleie, etablering av trenings- og sansehage med vidare.

Målsetjing for helse og omsorg er at bebuarane og andre som tek i mot tenester skal ha levevilkår som i ein god heim, og så nær opp til tidlegare livsførsel som mogleg. Det skal skapast eit stimulerande miljø som tek vare på dei fysiske og psykiske ressursane til den enkelte, slik at dei får dekkja sine individuelle behov. Vi skal skape tryggleik, trivsel og aktivitet.



Det er eit mål å kunne tilby en individuelt tilpassa aktivitet minimum ein gong i veka, individuelt og i grupper. Tiltaka skal gjennomføres av tilsette, pårørende eller frivillige.

Tysnes omsorgssenter ønskjer å følgje prinsippa som ligg til grunn for i [Livsgledehem](#). Livsgledehem søker å gi kvar einskilde bebuar om tilpassa aktivitetar jamleg, uavhengig av kven som er på jobb. Dette skal ivareta dei sosiale, kulturelle og andelege behova til bebuarane, og vil gi bebuarane ein kvardag med mening.

3.3.2. Strategi for aktivitet og fellesskap på Tysnes:

Tysnes kommune vil sikra eldre tilgang på aktivitetar og fellesskap som grunnlag for verdige og gode liv.

Omsorgstenester som stimulerer til aktivitet og fellesskap

Tysnes kommune skal leggja vekt på å gje tilbud om tenester som stimulerer til aktivitet og fellesskap.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

1. Tysnes kommune skal gje tilbud om trening og aktivitet for eldre til dømes gjennom tiltak som fellestrim i institusjon, hjartetrim og andre typer gruppeaktivitetar.
2. Tysnes kommune skal drive oppsøkjande arbeid med sikte på å informere eldre på eit tidleg tidspunkt for å stimulere til gode liv i eigen heim og utvikling av evna til eigenomsorg.
3. Tysnes kommune skal ta i bruk omsorgsteknologi som gjev betre samhandling mellom pårørande, brukarar og tenesteytar.

Samarbeid med frivilljuge og nærstående

Tysnes kommune skal sikre at lokalsamfunnet mobiliserer ressursar som verkar til å skape møteplassar for eldre og på tvers av generasjonar.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategi:

1. Tysnes kommune skal arbeida for å organisera og styrka frivillig arbeid for, med og av eldre.
2. Tysnes kommune skal samarbeida med nærstående og frivillige for sikra individtilpassa aktivitet og sosialt fellesskap i kvardagen, uavhengig av bu situasjon og funksjonsnivå.
3. Tysnes kommune skal driva eit aktivt informasjonsarbeid med sikte på at eldre sin tilgang til meningsfull fritid og sosialt fellesskap vert ivareteke.
4. Tysnes kommune skal medverke til å skape gode møteplasser som kan nyttast på tvers av generasjonar og aktivitetar.

3.4 Innsatsområde: Mat og måltid

Leve hele livet er en reform for større matglede. Målet er å skape gode opplevingar kring måltid og redusere underernæring. God mat er grunnleggjande for god helse og livskvalitet heile livet. Mat og måltid har ein sentral plass i mange kulturelle aktivitetar, og i eit sosialt fellesskap. Alle, ikkje berre eldre skal få næringsrik mat som både ser god ut, duftar godt og smakar godt. Maten skal vere tilpassa den einskilde sitt behov og serverast i ei hyggeleg ramme. Kunnskap om dette er eit viktig tema, og auka kompetanse er et tema som er sentralt

på tvers av reformas innsatsområder. Det er forska på tiltak som bidreg til å redusere underernæring og skape gode mat- og måltidsopplevingar for den einskilde:

- Det gode måltidet
- Måltidstider
- Valfridom og variasjon
- Systematisk ernæringsarbeid
- Kjøkken og kompetanse lokalt

3.4.1 Mat og måltid på Tysnes – meir enn ernæring

Mat og kultur går hand i hand, og mat og måltid er meir enn næringsrett mat. I Tysnes kommune har ein eksemplar på både offentlege og private initiativ der aktivitet og mat går hand i hand. Eksemplar på dette er seniortreff, seniorlunsj, bygdetreff og treff kring høgtid eller tradisjonsmat-kurs.

Omsorg i Tysnes har arbeidd mykje med ernæring og måltider. I desember 2017, i samband med innflytting i nytt omsorgssenter vart rutinar for tillaging og måltidsrutinar endra. Målet var at det skulle innførast eit ekstra måltid i døgnet, at det skulle bli meir fleksibilitet rundt lunsj og betre tid til aktivitet på føremiddagen. Det er rutinar for å systematisk kartlegge ernæringsstatus på alle som mottek tenester. Dett ønskjer vi å utvikle vidare.

Vi har vårt eige lokale produksjonskjøkken som lager fersk mat etter kok-kjøøl prinsippet. Det blir levert ut middag til heimebuande der frivillige deltek aktivt. Menyen blir utarbeidd frå lokale mattradisjonar på Tysnes. På institusjonen vert det tilrettelagd med måltid i fellesareal på avdelingane, og tradisjonar og kulturelle arrangement vert komplementert med tilpassa matservering.

3.4.2 Strategi for mat og måltid

Tysnes kommune vil sikra rett ernæring og at måltid ver ein viktig og god sosial møteplass.

Omsorgstjenester som stimulerer god ernæring og gode måltid.

Tysnes kommune skal setja gode måltidsopplevingar på dagsorden og sikra eldre rett ernæring.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

1. Tysnes kommune skal førebu og laga mat lokalt for å ivareta lokal mat-tradisjon og berekraftig tenesteproduksjon.
2. Tysnes kommune skal gje tilbod om mat også til heimebuande.
3. Tysnes kommune skal arbeide systematisk med ernæringsarbeid og prioritere kompetanseheving kring dette fagfeltet hjå alle som yt omsorgstenester.

Mat og samfunn

Tysnes kommune skal arbeida saman med frivillige og næringsliv for å leggja til rette for måltid som ein sosial møteplass av stor verdi.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

1. Tysnes kommune vil leggje til rette og samarbeide med private, organisasjonar og frivilligsentralen for å medverke til aktivitet med matsservering, og legge til rette for gode matopplevingar.

3.5 Innsatsområde: Helsehjelp

Helsehjelp er eit bredt tema. Leve hele livet er ei reform for å skape dei eldre sin helse- og omsorgsteneste, der det viktigaste spørsmålet er: Kva er viktig for deg? Eldre skal føle seg verdsett og bli involvert i avgjerder som angår dei sjølv. Eldre skal få moglegheit til å leve heime så lenge som råd, og få støtte til å meistre kvardagen, trass i sjukdom og funksjonstap. Samstundes skal dei vere trygg på å få hjelp når dei treng det. Når livet går mot slutten, skal eldre få god lindrande omsorg og pleie.

Området er omfattande og i rask utvikling. I 2017 var det gjort ei [kunnskapsoppsummering](#) innan helsehjelp til eldre som syner at tidleg identifisering, førebygging, ikkje-medisinsk behandling, legemiddelgjennomgang og god kommunikasjon med pasient og hjelpearar er viktig.

3.5.1 Helsehjelp på Tysnes

Tysnes kommune starta med førebyggjande heimebesøk i 2020, med tilbod om besøk til alle i aldersgruppa 77 år. Tal i aldersgruppa ligg rundt 30. Det var ikkje så mange som takka ja til tilbodet det fyrste året. Faggruppa som gjennomførte dette var brannsjef, ergoterapeut og sjukepleiar i open omsorg. Vi tenkjer likevel at dette kan vere nyttig, men kan hende at det må gjerast i ein annan form, og kan hende i kombinasjon med t.d aktivitetar som allereie føregår.

Å fange opp teikn på utvikling av sjukdom, funksjonstap eller problem, er ein føresetnad for å kome tidleg i gong med tiltak, både hos heimebuande eldre og eldre på institusjon. Helse- og omsorgstenesta bør difor vidareutvikle og nytte tilsette sin kompetanse i systematisk observasjon, kartlegging og oppfølging, til å setje i verk rett tiltak på tidleg tidspunkt. Dette kan gi auka sjølvstende i dagleglivets aktivitetar, forbetre funksjonsevne og utsetje ytterlegare funksjonsfall.

Tysnes kommune føl opp nasjonalt program for [pasienttryggleik](#) for å sikra at våre brukarar får eit godt og forsvarleg tilbod og at våre tilsette får støtte til å kunna utføra eit best mogleg fag.

3.5.2 Strategi for helsehjelp på Tysnes

Tysnes kommune vil sikra den einskilde sin rett til god og verdig helsehjelp på tvers av avdelingar og forvaltningsnivå.

Helsehjelp i kommunale tenester

For å gi god helsehjelp i Tysnes kommune vil vi jobbe tverrfagleg, heilskapleg og systematisk i tilnærminga til den einskilde.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

- Omsorgstenestene skal vidareutvikle kvardagsrehabilitering og meistring, og sikre systematisk kartlegging og oppfølging.
- Tysnes kommune skal ha proaktive tenester – for tidleg identifisering (heimebesøk)
- Tysnes kommune skal ha kompetanse for kunne gje alle typar helsehjelp også i høve til lindrande omsorg og omsorg i livet si slutfase.

- Tysnes kommune skal følgje nasjonalt program for [pasienttryggleik](#)

Samarbeid med brukar, pårørande og frivillige

Tysnes kommune skal arbeida saman med brukarar, pårørande og frivillige for å driva proaktivt helsearbeid

- Tysnes kommune skal sikre godt pårørandesamarbeid og nytte velferdsteknologiske løysingar som sikrar samhandling og personsentrert omsorg



3.6 Innsatsområde: Samanheng i tenestene

Leve hele livet er ei reform for å skape et meir samanhengande tenestetilbod for eldre og deira pårørande. Målet er å gje eldre auka tryggleik og føreseielege pasientlaup og overgangar mellom eigen heim, sjukehus og institusjon med færre tilsette å forhalda seg til. Dette kan gje færre hjelparar og dei kan oppleva større grad av kontinuitet i tilbodet. Målet er vidare å ta vare på pårørande som tek vare på sine næraste, og gje støtte og avlastning slik at dei ikkje slit seg ut. For å møte utfordringane vert det føreslege fem løysingar, der målet er å gi auka kontinuitet, tryggleik i tenestene til eldre og deira pårørande:

- Fokus på den einskilde sitt behov
- Avlastning og støtte til pårørande
- Færre å forhalda seg til og auka kontinuitet
- Mjukare overgangar mellom eigen heim og institusjon
- Førebudde overgangar mellom kommunar og sjukehus

3.6.1 Samanheng i tenestene på Tysnes

Utmåling av hjelp: Alle søknader som gjeld institusjonsopphald og omsorgsbustad handsamast i tverrfagleg inntaks- og rehabiliteringsteam. Målet med dette er rettferdig handsaming av søknadene, og rett vurdering av tenestenivå. Dette er ein viktig funksjon som det blir stilt større krav til frametter. Utmåling av tenester i heimen og rehabilitering vert vurdert. Teamet

har naudsynt tverrfagleg kompetanse til å vurdere alle aspekt ved det å bu heime med ulike helse-utfordringar. Dersom institusjonsopphald vert vurdert som rett, utformast tenestetilbodet i samråd med bebuar og pårørande for å ivareta den einskilde sitt behov. Alle med innvilga langtidsopphald får tilbod om tverrfagleg samtale. Målet med eit slikt møte er å avklare forventningar, utveksle informasjon, og skape tillit og kontakt for vidare samarbeid. Dette gir også tryggleik for dei pårørande. Bebuar får oppnemnd primærkontakt ved opphaldet. Primærkontakt samordnar informasjon, og har kontakt med pårørande, og sikrar god tenesteyting, og sikrar kontinuitet og at det er færre å forhalde seg til.

Om digitalisering og velferdsteknologi: Frametter vil Digi Helse, som er ei nasjonal digital satsing vere med på å gje betre samhandling mellom brukar, pårørande og tenesteytarar. Tysnes kommune vil satse på dei moglegheitene som velferdsteknologien gjev, for å sikre god kommunikasjon med brukarar, pårørande, og for å jobbe meir effektivt. E-meldingsutveksling er allereie i bruk som kommunikasjonsverktøy. E-melding sikrar god kommunikasjon innan kommunen og mellom kommune og helseføretak, t.d. ved utskriving frå sjukehusopphald til institusjon eller heimen. Det er gode grunnar til å ha fokus på korleis denne overgangsperioden vert tilrettelagt og gjennomført, slik at den blir best mogleg for alle partar. I dette ligg det at tenestene har fokus på overgangane, dialog og informasjon til brukar, pårørande og samarbeidspartar. I open omsorg nyttar vi alarmer, og på omsorgssenteret er det nytta ulike sensorar som varslar dei tilsette ved unormal aktivitet.

Om kompetansomobilisering og rekruttering: Tysnes kommune har teke i bruk langturnus i nokre tenester, og har hatt prosjekt 100% som har hatt som målsetting å redusere uønskt deltidsarbeid. I det vidare ønskjer ein å sjå på moglegheit for å mobilisere aktuell kompetanse for å betre tenester og for å skape attraktive arbeidsmiljø. Dersom den sosiale omsorga skal fungere, held det ikkje berre å få strukturane på plass. I tillegg er også kultur for sosial omsorg naudsynt. Sosial omsorg må forankrast i ulike strukturer i helse- og omsorgssektoren for å ikkje bli nedprioritert i kampen om kva dei tilsette skal nytte tida si på. For å ivareta dette er det naudsynt å ta vare på erfarne og kompetente tilsette i helse og omsorgssektoren.

Om heilskapelege tenester og sikre overgangar: Vi ønsker å gi et tenestetilbod som tar utgangspunkt i kva som er viktig for den einskilde. Dette vert ivareteken i dag med personsentrert omsorg, og brukarmedverknad, som nemnd under god helsehjelp.

For å sikre overgangar, og rett tenesteutmåling ønskjer vi å sjå på samhandlinga mellom dei ulike einingane som utøver tenestene og utarbeide rutinar eller sjekklistar der dette vert vurdert som naudsynt. Vi ønskjer å styrke inntaksteam og ha fokus på rett tenesteutmåling. Vidare ønskjer vi å delta i helsennettverk og læringsnettverk på tvers av kommunane og som inkluderer helseføretaka for å ivareta pasientforløp.

3.6.2 Strategi for samanheng i tenestene på Tysnes

Tysnes kommune vil sikre at eldre opplever samanheng i tenestene og at tenestene er tilpassa deira ønskjer og behov.

Samanheng i kommunale tenester

For å sikre god samanheng i tenestene vil Tysnes kommune jobbe tverrfagleg, heilskapleg og systematisk i tilnærminga til den einskilde .

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

- Tysnes kommune skal sikre individuelt tilpassa helsehjelp til rett tid, og nytte omsorgs og velferdsteknologi for å sikre effektiv personsentrert omsorg, og fleksible løysingar for tenestemottakar og deira pårørande.
- Tysnes kommune vil utgreie moglegheit for primærkontakt for eldre med moderat til stort tenestebehov.
- Tysnes kommune skal sikre at vurderingar knytt til tenesteutmåling skjer på same måte på tvers av tenestegrensene og at den einskilde sine behov er grunnlaget for tenesteutmåling og ikkje vår kompetanse eller struktur.
- Tysnes kommune vil greia ut alternative turnusordningar der dette kan gje meir tilpassa tenester.
- Tysnes kommune vil utarbeide ein eigen strategi for rekruttering av rett fagkompetanse, under dette skal det også vurderast om kompetansen i dag vert utnytta godt nok.

Samanheng i samarbeid med andre

- Tysnes kommune skal arbeide for saumlause overgangar til og frå spesialisthelsetenesta og kommunale helse og omsorgstenester, og i overgangar som krev samordning av kommunale omsorgstenester.
- Tysnes kommune skal sjå heile menneske, ivareta og inkludere pårørande og nytte verktøy for evaluering av opplevd tenestekvalitet. Opplevd kvalitet skal nyttast i kontinuerleg forbetningsarbeid.

4. Oppsummering

Leve hele livet er en kvalitetsreform for eldre som set fokus på dei eldre som ressurs, samt eit samfunn som legg til rette for aldersperspektivet. For at Tysnes skal bli ein aldersvennlig kommune er det naudsynt å kople på kultur- og næringsliv, frivillige, politikarar, utval og råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd, lag og organisasjonar.

Arbeidet med eit aldersvenleg samfunn kjem heile befolkninga til gode, fordi eit trygt, inkluderande og tilgjengelig lokalsamfunn vil vere nettopp dette, også for alle dei andre innbyggjarane. Det å få eit aldersvennleg samfunn krev målretta og systematisk arbeid over tid, og vi har ikkje råd til å la det vere.

I løpet av 2022 skal det utarbeidast ein handlingsplan med tilhøyrande tiltak som skal bidra til å nå målet om eit aldersvennlig samfunn.